

Fedje barnehage - Vedlegg 1

Gjennomgang og vurdering 13.3.19

§	Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular	Saksopplysningar	Vurdering
4	Ansvar Internkontroll	Barnehagens internkontroll blei oppdatert hausten 2018. Jobbar med IK, og oppdaterer stadig.	Tilfredsstillande
5	Opplysnings- og informasjonsplikt	Føresette vert informert gjennom FAU, oppslag og skriv. Informasjonskanal vurderas i kvart einskild tilfelle, samt Vigilo.	Tilfredsstillande
6	Krav om godkjenning	Vurderast 13.3.19	
7	Generelle krav	Barnehagen har utarbeidd ei enkel vedlikehaldsplan.	Merknad: Vedlikehaldsplan bør oppdaterast slik at den beskriv innvendig og utvendig vedlikehald på kort og lang sikt. Vedlikehaldsplan skal sikre at teknisk og funksjonell standard vert oppretthaldt for heile bygningsmassen. Denne bør vere eit styringsdokument for kartlegging av vedlikehaldsbehov med påfølgjande kostnadar på kort og lang sikt.
9	Utforming og innreiing	<u>Inne:</u> Leike- og opphaldsareal er oppgjeve til 130 m ² . Tilfredsstillande for 32 barn over 3 år. <u>Ute:</u> Leike- og opphaldsareal ca. 1300 m ² .	Tilfredsstillande Tilfredsstillande
10	Moglegheit for aktivitet og kvile mv.	Barnehagen har soveskur, der barna nyttar eige vogner. Barna kan sove inne ved behov. <u>Tilsyn ved sovesituasjonar:</u> Soveskur har glas, og det er babycall. Det er bestilt babycall med kamera. Barnehagen har ikkje dokumenterte tilsynsrundar.	Merknad: Soveskur er noko uoversiktleg. Barnehagen bør vurdere nytt soveskur som er meir oversiktleg ev. vurdere sovevakt. Barnehagen må ha dokumenterbare tilsynsrundar ved sovesituasjonar. Tilsyn må tilpassast kvar situasjon.

11	Måltid	<p>Barna vaskar hender før måltid, og når dei kjem inn utanfrå.</p> <p>Barnehagen legg til rette for barn som har mateallergi.</p> <p><u>Oppbevaring:</u> Det vert utført kontroll av temperatur på kjøleskåp. Avvik vert ført. Det har vore nokre avvik, der kjøleskåp ikkje held kald nok temperatur. Kontroll på temperatur på frys vart ikkje utført, men skulle innførast etter tilsynet.</p>	<p>Tilfredsstillande</p> <p>Tilfredsstillande</p> <p>Merknad: Ved gjentekne avvik angående temperatur på ev. kjølf/frys, må det vurderast reoperasjon ev. kjøpe nytt kjøleskåp/frys.</p>
12	Psykososiale forhold	<p>Har nyleg utarbeidd nytt IK system, der det vert jobba med det psykososiale miljøet. Har nyleg vore på kurs om mobbing, og vil oppdatere prosedyrar.</p> <p>Barnehagen har handlingsplan på å handtere ev. mobbing.</p>	Tilfredsstillande
13	Reinhald og vedlikehald	<p>Barnehagen har kommunalt reinhald, og er godt nøgd. Hovudreingjering vert utført kvar sommar, og styrar får kvittering for dette.</p> <p>Kommunal vaktmester reingjer teknisk anlegg.</p> <p>Vernerunde 1. g pr. år. Vaktmester og teknisk sjef er med på vernerunde.</p>	<p>Tilfredsstillande</p> <p>Tilfredsstillande</p> <p>Tilfredsstillande</p>
14	Sikkerheit og helsemessig beredskap	<p>Barnehagen har krise- og beredskapsplan.</p> <p>Det vert utført risikokartlegging inne og ute etter sjekklister.</p> <p>Barnehagen har avvikssystem, men jobbar med å gjere dette betre.</p>	<p>Tilfredsstillande</p> <p>Tilfredsstillande</p> <p>Tilfredsstillande</p>

		<p><u>Leikeplassutstyr:</u> Barnehagen har mykje nytt leikeplassutstyr, men har ikkje avtale om jamleg kontroll av leikeplassutstyret. Leikeplassutstyr er ikkje merka med produsentens namn.</p> <p><u>Trafikktryggleiken:</u> Det er få parkeringsplassar for tilsette og føresette. Det kan oppstå farlege situasjonar ved levering/henting av barn.</p>	<p>Merknad: Leikeplassutstyr må kontrollerast jamleg etter «Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr» I tillegg kjem «Standarden» ; NS-EN 1176 del 1-7 og del 10-11 Leikeplassutstyr og underlag.</p> <p>Merknad: Barnehagen bør etablere fleire og betre parkeringsplassar. Ved ev. parkering, er det anbefalt at det vert rygga inn i parkeringslomme. Dette for å ha betre oversikt over trafikkbiletet, og unngå farlege situasjonar.</p>
15	Førstehjelp	<p>Styrar har oversikt og har nyleg kjøpt inn nytt utstyr. Styrar er ansvarleg.</p> <p>Tilsette er på fyrstehjelpskurs årleg.</p> <p>Barnehagen har rutinar for å nytte hanskar ved bl.a. blodsøl.</p>	<p>Tilfredsstillande</p> <p>Tilfredsstillande</p> <p>Tilfredsstillande</p>
16	Tilrettelegging basert på opplysningar om helseforhold	<p>Det vert utfylt helseskjema for alle barn ved oppstart. Dersom nokon trengje medisin og liknande gjer foreldre opplæring av dette.</p>	<p>Tilfredsstillande</p>
17	Smittevern	<p>Barnehagen har rutinar for å fylgje faglege råd frå Folkehelseinstituttet, og har rutinar for å varsle ved smittsame sjukdomar.</p>	<p>Tilfredsstillande</p>
18	Røyking	<p>Barnehagen har forbod mot tobakksbruk.</p>	<p>Tilfredsstillande</p>
19	Inneklima/luftkvalitet	<p>Barnehagen fekk nytt balansert ventilasjonssystem for ca. 2 år sidan. Innelufta opplevast som god.</p> <p>Det er bestilt inn solavskjerming der dette manglar.</p> <p>Radonmåling vart utført i 2013, med tilfredsstillande resultat.</p>	<p>Tilfredsstillande</p> <p>Tilfredsstillande</p> <p>Ny radonmåling bør utførast i opphaldsrom haust/vinter 2019/2020.</p>

20	Belysning	Inne : Opplevast som veldig bra. Ute: Noko dårleg vinterstid.	Tilfredsstillande, men meir utebelysning bør vurderast
21	Lydforhold	<u>Inne:</u> Det opplevast etterklang i 2 rom. Aktiviteten må tilpassas. <u>Ute:</u> Mykje støy frå nytt ventilasjonsanlegg som vendar mot leikearealet.	Merknad: Støydempingstiltak bør vurderast i rom med etterklang. Merknad: Støydemping/lydfelle bør monterast på ventilasjonsanlegg som påverkar støynivået på leikearealet.
22	Drikkevatn	Offentleg	Tilfredsstillande
23	Sanitære forhold	Innkjøp av papirtørk. Skåldesperre på vasskranar. - 3 toalett for barna. - 1 for personalet.	Tilfredsstillande
24	Avfallshandtering	Kjeldesortering.	Tilfredsstillande